

Haugen VVA
Kanalvegen 5
5068 BERGEN

FLØSSVIKA BUSTADFELT

Eg viser til brev frå Haugen VVA dagsett 2. juli i år.

Utbygginga er alvorleg stor og vil for oss som bur i Naustdalen medføra stor auke i trafikk, støy og ureining rett oppanfor der me bur. Det er underleg om kommunen godkjenner tilkomstvegen til det nye bustadfeltet, slik utbyggjar kjem med framlegg om, dette av di denne vegen er ulovleg bygd. Veggen har ført til store skjæringar mot min eigedom 196 - 115, og øydelagd steingarden min. Det vart i sist kommentar frå kommunen skrive at « VA er ordna opp i», dette er ikkje gjort og eg krev å få dokumentasjon på denne påstanden.

I samband med sak i kommunestyret i desember 2015, påpeika eg det som står i avsnittet over. Eg oppmodar om at de les dette tilsvaret enno ein gong.

Det bør lagast ein annan tilkomstveg enn den utbyggjar legg opp til.

Me som bur i Naustdalen vil få to vegar tett i tett oppom oss, både i anleggsperioden og når feltet er ferdig vil dette utgjere vesentleg auka støy og ureining.

Den omsøkte vegen vil ha ei lang rett strekning som vil innby til køyring i stor fart. I tillegg til trafikkfaren vil det gi auka støyplager for oss naboar.

Ut frå kartet kan det sjå ut som det er planlagt parkeringsplassar like ved innkøyringa til den omsøkte vegen, rett oppanfor mitt hus. Eg kan ikkje forstå vitsen med desse parkeringsplassane, langt frå der folk skal bu i nyefeltet?

På teikninga går det ikkje fram om « den ulovlege vegen» skal hevast frå noverande høgde og eller om det vil koma skjæringar eller kantar ned mot oss som bur i Naustdalen.

Ved innkøyring til tilkomstvegen er det teikna inn ein støttemur, det er ikkje skrive noko i tilsendte papir på kor høg og skjemma den vil vere oss som får den midt imot oss.

Det finst mange alternativ til tilkomstveg til det nye bustadfeltet:

- Ein ny veg kunne heller vore bygd nærare gamle Leknes handel/Hjelmås VVS, heller enn å ha så lang tilkomst før ein kjem til byggefeltet, med to nesten parallelle vegar over ei lang strekning.
- Den private vegen som allereie i dag eksisterer mellom Ole M.Leknes og Sigmund Lyngøy sitt hus.
- Ein ny veg rett nordover frå Kringlebakken.

Inger Helen Midtgård